DET KONGELEGE BARNE-, LIKESTILLINGS-
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 25 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

# Endringar i statsbudsjettet 2012 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

*Tilråding frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet 16. november 2012, godkjend i statsråd same dagen.*
*(Regjeringa Stoltenberg II)*

## 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2012 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

## 2 Endringsforslag

### Kap. 820 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til drift av IMDi. Det blir føreslått å flytte midlar til det pågåande arbeidet med IKT-utvikling i IMDi, jf. forslaga om flytting av midlar til denne posten under kap. 821, post 62 og kap. 821, post 71.

Fungerande og funksjonelle IKT-system er ein føresetnad for ei god gjennomføring av introduksjonsprogram og norskopplæring og for ein god dialog med kommunane. Utdaterte løysingar gjer det per i dag vanskeleg å registrere opplysningar som er nødvendige for oppfølging og evaluering av resultat i ordningane. Midlane skal bidra til å auke framdrifta i arbeidet i år og neste år.

BLD føreslår å flytte 3,66 mill. kroner til posten frå kap. 821, post 62 og 0,26 mill. kroner frå kap. 821, post 71. Totalt føreslår BLD å auke kap. 820, post 01 med 3,92 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 188 161 |
| Løyving 2012 | 189 707 |
| Forslag til tilleggsløyving | 3 919 |

### Kap. 821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

*Post 60 Integreringstilskot, kan overførast*

Integreringstilskotet skal gi ei rimeleg dekking av dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har ved busetjing og integrering av flyktningar i busetjingsåret og dei neste fire åra. Tilskotet skal medverke til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busetjings- og integreringsarbeid.

Det er anslått at behovet i 2012 auker med om lag 26 mill. kroner samanlikna med Prop. 111 S (2011-2012). Hovudårsaka til endringa er ein auke i talet på vaksne og barn som utløyser tilskot,

noko som medfører ein auke i utgiftene på 56 mill. kroner. Talet på einslege vaksne som utløyser tilskot har gått ned og medfører ein reduksjon i utgiftene på 24 mill. kroner.

BLD føreslår å auke løyvinga med 26,03 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 4 220 201 |
| Løyving 2012 | 4 512 341 |
| Forslag til tilleggsløyving | 26 034 |

*Post 61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktninger, overslagsløyving*

Kommunar som busett einslege, mindreårige flyktningar mottek eit særleg tilskot. Tilskotet kjem i tillegg til det ordinære integreringstilskotet.

Behovet i 2012 blir anslått å gå ned med 19,3 mill. kroner samanlikna med Prop. 111 S (2011-2012). Hovudårsaka til endringa er ein reduksjon i talet på personar som utløyser tilskot.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 19,30 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 303 072 |
| Løyving 2012 | 360 900 |
| Forslag til tilleggsløyving | -19 301 |

*Post 62 Kommunale innvandrartiltak*

Formålet med løyvinga er å styrkje integreringsarbeidet i kommunane. Det er eit mindreforbruk til forsøket med gratis kjernetid på 3,66 mill. kroner i 2012. Mindreforbruket gjeld særlege tilhøve i nokre av områda med gratis kjernetid i 2011, noko som får konsekvensar for utgiftene først i 2012. BLD føreslår å flytte midlane til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet sitt arbeid med utvikling av nytt IKT-system, jf. omtale under kap. 820, post 01.

BLD føreslår å flytte 3,66 mill. kroner frå kap. 821, post 62 til kap. 820, post 01.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 106 523 |
| Løyving 2012 | 109 278 |
| Forslag til tilleggsløyving | -3 661 |

*Post 71 Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd*

Løyvinga på posten er delt i 1) tilskot til frivillig verksemd i lokalsamfunn som medverkar til deltaking, dialog og samhandling, 2) tilskot til drift av nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet, 3) tilskot til frivillige organisasjonar sitt haldningsskapande/førebyggjande arbeid mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting og 4) informasjons- og rettleiingstiltak retta mot innvandrarar. I tillegg blir det gitt midlar over denne posten til innsats for særleg utsette innvandrargrupper.

Etter avslutta klagebehandling står det under delordninga Tilskot til frivillige organisasjonar sitt haldningsskapande/førebyggjande arbeid mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting, igjen 258 000 kroner. BLD føreslår å flytte midlane til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet sitt arbeid med utvikling av nytt IKT-system, jf. omtale under kap. 820, post 01.

BLD føreslår å flytte 0,26 mill. kroner frå kap. 821, post 71 til kap. 820, post 01.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 47 010 |
| Løyving 2012 | 49 462 |
| Forslag til tilleggsløyving | -258 |

## Kap. 822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

*Post 22 Norskprøver for vaksne innvandrarar*

Løyvinga skal dekkje utgifter til gjennomføring av norskprøver for vaksne innvandrarar. Behovet er no venta å bli lågare enn føresett.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 2,24 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 11 998 |
| Løyving 2012 | 14 325 |
| Forslag til tilleggsløyving | -2 238 |

*Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar*

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap skal sikre at kommunane tilbyr opplæring til vaksne innvandrarar med rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Behovet i 2012 blir anslått å auke med om lag 6,4 mill. kroner samanlikna med Prop. 111 S (2011-2012). Hovudårsaka til endringa er ein reduksjon i utgiftene til norskopplæring i mottak som følgje av ein nedgang i talet på asylsøkjarar. Ein auke i talet på personar som utløyser År 1-tilskot og ein korreksjon i anslaget til fylkesmennene for utbetaling av tilskot for 2012 utgjer ein mindre del av endringa.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 6,35 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 1 584 299 |
| Løyving 2012 | 1 645 648 |
| Forslag til tilleggsløyving | -6 348 |

## Kap. 840 Krisetiltak

*Post 61 Tilskot til incest- og valdtektssenter, overslagsløyving*

Anslaget på utgifter på posten er 0,7 mill. kroner høgare enn budsjettert. Meirutgifta kjem av at det er etablert eit nytt incest- og valdtektssenter i Førde. Utgifter til dette senteret låg ikkje inne i dei opprinnelege budsjettføresetnadene.

BLD føreslår å auke løyvinga med 0,7 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 66 832 |
| Løyving 2012 | 70 000 |
| Forslag til tilleggsløyving | 700 |

## Kap. 841 Samliv og konfliktløysing

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsløyving*

Prognosen for bruk av eksterne meklarar og utbetaling av meklingsgodtgjersle er 1,89 mill kroner lågare samanlikna med Prop. 111 S (2011-2012).

BLD føreslår å redusere løyvinga med 1,89 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 11 652 |
| Løyving 2012 | 14 261 |
| Forslag til tilleggsløyving | -1 892 |

## Kap. 844 Kontantstøtte

*Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Utgiftene til kontantstøtte i 2012 er anslått til 1 235 mill. kroner, som er 35 mill. kroner meir enn løyvinga. Meirbehovet kjem av at fleire mottek kontantstøtte enn tidlegare lagt til grunn.

BLD føreslår å auke løyvinga med 35 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 1 347 393 |
| Løyving 2012 | 1 200 000 |
| Forslag til tilleggsløyving | 35 000 |

## Kap. 845 Barnetrygd

*Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Utgiftene til barnetrygd i 2012 er anslått til 15 050 mill. kroner, som er 90 mill. kroner høgare enn løyvinga i Prop. 111 S (2011-2012). Dette kjem av auka anslag på utbetalingar av ordinær barnetrygd inkludert utvida stønad til einslege forsørgjarar, som følgje av etterbetalingar (restansenedbygging).

BLD føreslår å auke løyvinga med 90 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 14 883 109 |
| Løyving 2012 | 14 960 000 |
| Forslag til tilleggsløyving | 90 000 |

## Kap. 846 Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 50*

Departementet føreslår at delar av midlane avsett til feiringa av Stemmerettsjubileet 2013, nyttast til tilskot til lokale og nasjonale prosjekter innanfor ramma av jubileet. Noko av forskings- og utviklingsmidlane på samlivs-, likestillings- og ikkjediskrimineringsområdet vil bli nytta til tilskot til prosjekt innanfor dette politikkområdet.

BLD føreslår på denne bakgrunn å redusere løyvinga på kap. 846, post 21 med 2,3 mill. kroner mot tilsvarande auke på post 70.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 25 274 |
| Løyving 2012 | 26 535 |
| Forslag til tilleggsløyving | -2 300 |

*Post 70 Tilskot*

BLD føreslår å auke løyvinga med 2,3 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon på kap. 846, post 21.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 15 576 |
| Løyving 2012 | 15 501 |
| Forslag til tilleggsløyving | 2 300 |

## Kap. 852 Adopsjonsstønad

*Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving*

Løyvinga blir nytta til eingongsstønad til foreldre som adopterer barn frå utlandet. Det blir utbetalt færre eingongsstønader enn venta, og BLD føreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 3 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 11 828 |
| Løyving 2012 | 15 358 |
| Forslag til tilleggsløyving | -3 000 |

## Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71*

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til ulike førebyggjande tiltak, som mellom anna kjøp av tenester innanfor utvikling og implementering av nye metodar i barnevernet og diverse kjøp av tenester innanfor barne- og ungdomsvernet.

BLD føreslår å redusere posten for å dekkje inn delar av meirutgiftene i det statlege barnevernet. Reduksjonen inneber å utsetje enkelte planlagde oppgåver til 2013. Prosjektet *Rettledet praksis av nyutdannede og nytilsatte i barnevernet* vil ikkje bli gjennomført i år.

BLD føreslår å redusere kap. 854, post 21 med 9,4 mill. kroner for delvis å dekkje inn meirutgiftene på kap. 855.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 77 947 |
| Løyving 2012 | 82 648 |
| Forslag til tilleggsløyving | -9 400 |

*Post 65 Refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøkjarar og flyktningar, overslagsløyving*

Løyvinga på posten skal dekkje refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak for einslege, mindreårige asylsøkjarar og flyktningar som blir busette i kommunane.

Utgiftsnivået på posten avheng av kor mange barn som blir busette og kor stor del av alle einslege mindreårige som treng tiltak i barnevernet.

Grunna ein auke i talet på busette einslege, mindreårige asylsøkjarar og høgare refusjonar per barn, er behovet på posten høgare enn tidlegare føresett. Basert på venta utbetalingar i 2012, føreslår departementet å auke løyvinga på posten med 140 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 714 113 |
| Løyving 2012 | 920 000 |
| Forslag til tilleggsløyving | 140 000 |

*Post 72 Tilskot til forsking og utvikling i barnevernet*

Løyvinga på posten dekkjer mellom anna tilskot til Atferdssenteret. BLD føreslår å redusere løyvinga for å dekkje inn delar av meirutgiftene i det statlege barnevernet. Tilskotet til Atferdssenteret er avkorta i 2012 som følgje av for mykje utbetalt tidlegare år.

BLD føreslår å redusere kap. 854, post 72 med 4,8 mill. kroner for delvis å dekkje inn meirutgiftene på kap. 855.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 11 615 |
| Løyving 2012 | 51 828 |
| Forslag til tilleggsløyving | -4 800 |

### Kap. 855 Statleg forvalting av barnevernet

*Post 22 kjøp av private barnevernstenester, kan nyttast under post 01*

Kap. 855, postane 01, 22 og 60 må sjåast i samanheng. Løyvinga blei styrka med 50 mill. kroner i Prop. 111 S (2011-2012), for å dekkje forventa meirutgifter knytte til aktivitetsvekst i 2012.

Ein føresetnad for å oppnå budsjettbalanse i 2012 var mellom anna tilstrekkeleg kapasitetsutnytting i statens eigne institusjonar og at bruken av private institusjonar måtte reduserast. Bufetat har ikkje klart å oppfylle desse føresetnadene i tilstrekkeleg grad. Saman med ein noko høgare aktivitetsvekst enn lagt til grunn for Prop. 111 S (2011-2012), gir dette eit meirbehov i 2012 på 95 mill. kroner.

Etaten har i tillegg eit meirbehov på 40,8 mill. kroner grunna ein vanskeleg økonomisk situasjon i Region Vest. Situasjonen i Region Vest er knytt til vekst i talet på barn og unge med behov for tiltak frå det statlege barnevernet, og utfordringar knytte til institusjonstilbodet i regionen.

Meirbehovet utgjer dermed 135,8 mill. kroner, og departementet føreslår å auke kap. 855, post 22 med 90,8 mill. kroner og post 60 med 45 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 1 629 480 |
| Løyving 2012 | 1 612 824 |
| Forslag til tilleggsløyving | 90 800 |

*Post 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald, kan overførast*

Barne-, ungdoms og familiedirektoratet har redusert investeringar for å redusere meirutgiftene på kap. 855. BLD føreslår å redusere kap. 855, post 45 med 47,4 mill. kroner for å dekkje inn delar av meirutgiftene på kap. 855.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 33 571 |
| Løyving 2012 | 67 955 |
| Forslag til tilleggsløyving | -47 400 |

*Post 60 Tilskot til kommunane, kan nyttast under post 01*

BLD føreslår å auke løyvinga på posten med 45 mill. kroner, jf. omtale under kap. 855, post 22.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 279 499 |
| Løyving 2012 | 180 297 |
| Forslag til tilleggsløyving | 45 000 |

### Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

*Post 22 Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar*

Løyvinga på posten skal dekkje utbetalingar til pensjonskasser der tilsette i Bufetat var medlemmer før staten overtok det fylkeskommunale barne- og familievernet. Reguleringspremien blir rekna ut årleg ut frå endringane i lønns- og trygdeoppgjeret og førre års avkastningar frå premiefond. Reguleringspremien varierer følgjeleg kvart år.

BLD føreslår derfor å auke kap. 858, post 22 med 19,2 mill. kroner som følgje av meirutgifter til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 47 632 |
| Løyving 2012 | 31 035 |
| Forslag til tilleggsløyving | 19 200 |

### Kap. 2530 Foreldrepengar

*Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløyving*

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2012 er anslått til 15 780 mill. kroner, som er 555,3 mill. kroner lågare enn løyvinga. Mindrebehovet kjem hovudsakleg av nedjusterte tal på barn i den aktuelle aldersgruppa og den delen det blir utbetalt foreldrepengar for.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 555,3 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 14 926 071 |
| Løyving 2012 | 16 335 300 |
| Forslag til tilleggsløyving | -555 300 |

*Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving*

Utgiftene til eingongsstønad i 2012 er anslått å bli 355 mill. kroner, som er 0,3 mill. kroner meir enn løyvinga i saldert budsjett.

Departementet føreslår å auke løyvinga under kap. 2530, post 71 med 0,3 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 364 182 |
| Løyving 2012 | 354 700 |
| Forslag til tilleggsløyving | 300 |

*Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsløyving*

Utgiftene til feriepengar av foreldrepengar i 2012 er rekna ut til å bli 410 mill. kroner, som er 10 mill. kroner mindre enn løyvinga.

Departementet føreslår å redusere løyvinga under kap. 2530, post 72 med 10 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 396 584 |
| Løyving 2012 | 420 000 |
| Forslag til tilleggsløyving | -10 000 |

*Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving*

Utgiftene til foreldrepengar ved adopsjon i 2012 er rekna ut til å bli 90 mill. kroner, som er 25 mill. kroner mindre enn løyvinga i saldert budsjett. Nytt anslag er i hovudsak basert på ein nedgang i antall utbetalinger av foreldrepengar ved adopsjon på 15 prosent frå 2011.

BLD føreslår å redusere løyvinga under kap. 2530, post 73 med 25 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 96 437 |
| Løyving 2012 | 115 000 |
| Forslag til tilleggsløyving | -25 000 |

### Kap. 3821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

*Post 01 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter*

Nokre utgifter knytte til busetjing av overføringsflyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Det er anslått at behovet på posten aukar med om lag 12,8 mill. kroner frå Prop. 111 S (2011-2012). Auken kjem av at prognosen for talet på overføringsflyktningar som blir busette i 2012 er auka med 170 personar.

BLD føreslår å auke løyvinga med 12,83 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 86 010 |
| Løyving 2012 | 90 099 |
| Forslag til tilleggsløyving | 12 829 |

*Post 02 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter*

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Det er anslått at behovet på posten auker med om lag 16,0 mill. kroner frå Prop. 111 S (2011-2012). Auken kjem av kortare opphald i mottak før busetjing.

BLD føreslår å auke løyvinga med 16,01 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 7 079 |
| Løyving 2012 | 13 332 |
| Forslag til tilleggsløyving | 16 010 |

### Kap. 3822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

*Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter*

Nokre utgifter i mottak av asylsøkjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Det er anslått at behovet på posten blir redusert med om lag 6,6 mill. kroner frå Prop. 111 S(2011-2012). Reduksjonen kjem av ein nedgang i talet på asylsøkjarar.

BLD føreslår å redusere løyvinga med 6,61 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 100 654 |
| Løyving 2012 | 103 740 |
| Forslag til tilleggsløyving | -6 608 |

## Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjarar

*Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter*

Nokre innanlandske utgifter i mottak av asylsøkjarar og flyktninger kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

I følgje dei seinaste prognosane vil det i gjennomsnitt ha vore 70 barn i omsorgssentra i 2012. Dette er 10 færre enn venta ved revidert nasjonalbudsjett i år. Departementet føreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 14,43 mill. kroner.

| | (i 1000 kr) |
|---|---|
| Rekneskap 2011 | 178 858 |
| Løyving 2012 | 115 440 |
| Forslag til tilleggsløyving | -14 430 |

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2012 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2012 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

# Forslag

## til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2012 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2012 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 820 | | Integrerings- og mangfaldsdirektoratet | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med | 3 919 000 |
| | | frå kr 189 707 000 til kr 193 626 000 | |
| 821 | | Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar | |
| | 60 | Integreringstilskot, kan overførast, blir auka med | 26 034 000 |
| | | frå kr 4 512 341 000 til kr 4 538 375 000 | |
| | 61 | Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, overslagsløyving, blir redusert med | 19 301 000 |
| | | frå kr 360 900 000 til kr 341 599 000 | |
| | 62 | Kommunale innvandrartiltak, blir redusert med | 3 661 000 |
| | | frå kr 109 278 000 til kr 105 617 000 | |
| | 71 | Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd, blir redusert med | 258 000 |
| | | frå kr 49 462 000 til kr 49 204 000 | |
| 822 | | Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar | |
| | 22 | Norskprøver for vaksne innvandrarar, blir redusert med | 2 238 000 |
| | | frå kr 14 325 000 til kr 12 087 000 | |
| | 60 | Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, blir redusert med | 6 348 000 |
| | | frå kr 1 645 648 000 til kr 1 639 300 000 | |
| 840 | | Krisetiltak | |
| | 61 | Tilskot til incest- og valdtektssenter, overslagsløyving, blir auka med | 700 000 |
| | | frå kr 70 000 000 til kr 70 700 000 | |
| 841 | | Samliv og konfliktløysing | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsløyving, blir redusert med | 1 892 000 |
| | | frå kr 14 261 000 til kr 12 369 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 844 | | Kontantstøtte | |
| | 70 | Tilskot, overslagsløyving, blir auka med | 35 000 000 |
| | | frå kr 1 200 000 000 til kr 1 235 000 000 | |
| 845 | | Barnetrygd | |
| | 70 | Tilskot, overslagsløyving, blir auka med | 90 000 000 |
| | | frå kr 14 960 000 000 til kr 15 050 000 000 | |
| 846 | | Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv. | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 50, blir redusert med | 2 300 000 |
| | | frå kr 26 535 000 til kr 24 235 000 | |
| | 70 | Tilskot, blir auka med | 2 300 000 |
| | | frå kr 15 501 000 til kr 17 801 000 | |
| 852 | | Adopsjonsstønad | |
| | 70 | Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving, blir redusert med | 3 000 000 |
| | | frå kr 15 358 000 til kr 12 358 000 | |
| 854 | | Tiltak i barne- og ungdomsvernet | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71, blir redusert med | 9 400 000 |
| | | frå kr 82 648 000 til kr 73 248 000 | |
| | 65 | Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar, overslagsløyving, blir auka med | 140 000 000 |
| | | frå kr 920 000 000 til kr 1 060 000 000 | |
| | 72 | Tilskot til forsking og utvikling i barnevernet, blir redusert med | 4 800 000 |
| | | frå kr 51 828 000 til kr 47 028 000 | |
| 855 | | Statleg forvalting av barnevernet | |
| | 22 | Kjøp av private barnevernstenester, kan nyttast under post 01, blir auka med | 90 800 000 |
| | | frå kr 1 612 824 000 til kr 1 703 624 000 | |
| | 45 | Større nyanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, blir redusert med | 47 400 000 |
| | | frå kr 67 955 000 til kr 20 555 000 | |
| | 60 | Tilskot til kommunane, kan nyttast under post 01, blir auka med | 45 000 000 |
| | | frå kr 180 297 000 til kr 225 297 000 | |
| 858 | | Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet | |
| | 22 | Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar, blir auka med | 19 200 000 |
| | | frå kr 31 035 000 til kr 50 235 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 2530 | | Foreldrepengar | |
| | 70 | Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløyving, blir redusert med ... | 555 300 000 |
| | | frå kr 16 335 300 000 til kr 15 780 000 000 | |
| | 71 | Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving, blir auka med ................................................ | 300 000 |
| | | frå kr 354 700 000 til kr 355 000 000 | |
| | 72 | Feriepengar av foreldrepengar, overslagsløyving, blir redusert med | 10 000 000 |
| | | frå kr 420 000 000 til kr 410 000 000 | |
| | 73 | Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving, blir redusert med | 25 000 000 |
| | | frå kr 115 000 000 til kr 90 000 000 | |

Inntekter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 3821 | | Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar | |
| | 01 | Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir auka med .............................................. | 12 829 000 |
| | | frå kr 90 099 000 til kr 102 928 000 | |
| | 02 | Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir auka med ........................ | 16 010 000 |
| | | frå kr 13 332 000 til kr 29 342 000 | |
| 3822 | | Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar | |
| | 01 | Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med | 6 608 000 |
| | | frå kr 103 740 000 til kr 97 132 000 | |
| 3856 | | Barnevernets omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjarar | |
| | 04 | Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med .......... | 14 430 000 |
| | | frå kr 115 440 000 til kr 101 010 000 | |

MILJØMERKET
241491
Trykk: A/S O. Fredr Arnesen. November 2012